



Møteprotokoll for Eldrerådet

Møtedato: 06.09.2018
Møtestad: Møterom 3
Møtetid: 14.00 - 15.25

Møtet vart styrt av leiar Sigurd Knudsen.

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 28.08.18 og møtet var kunngjort i pressa 29.08.18.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Sigurd Knudsen		Utvalseleiar
Klara Mongstad		Medlem
Astrid Anne Fjeldstad		Medlem
Olaug Tveit		Medlem
Kjersti Vikebø Nesse		Varamedlem
Jon Vidar Sakseide		Varamedlem
Alf Harry Sagosen		Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Erling Rønnestad	
Klara Hansen	
Stian Lavik	

Desse møtte frå administrasjonen: Plansakkonsulent Ingrid Raniseth møtte til sak 34/18 og 35/18.

Protokollfører: Randi Hilland

Eldrerådet
7. september 2018

Sigurd Knudsen
leiar

Randi Hilland
konsulent

Sakliste

Saknr	Tittel
28/2018	Godkjenning av innkalling og sakliste
29/2018	Godkjenning av møtebok
30/2018	Referatsaker
31/2018	Aktuelle saker
32/2018	Den Internasjonale Eldredagen
33/2018	Eldrerådskonferansen i Hordaland 2018
34/2018	Varsel om utvida/endra plangrense for områderegulering for Dalstø - Mjåtveitstø
35/2018	Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid - Ryland - B11/B15

28/2018: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

06.09.2018 ELDRERÅDET

ER - 28/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

29/2018: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok frå møte 14.06.18 vert godkjent.

06.09.2018 ELDRERÅDET

ER - 29/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Møtebok frå møte 14.06.18 vert godkjent.

30/2018: Referatsaker

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering.

06.09.2018 ELDRERÅDET

Det låg ikkje føre refererte skriv og meldingar.

I møtet:

Takkkort frå Astrid Anne Fjeldstad i høve 70-årsdagen.

Kjersti Vikebø Nesse refererte frå møte i Utval for levekår 04.09.18.

Jon Vidar Sakseide refererte frå møte i Utval for drift og utvikling 04.09.18.

Sigurd Knudsen refererte frå møte med ordførar:

- Reguleringsplan for kv. 1133 Myrvollane til Hestdal
Kome innspel på at det bør byggjast naust til robåtar ved Storavatnet.
Må sjå på korleis ein kan få bukt med forsøpling på holmane i Storavatnet.
Viktig med nok parkeringsplassar.
- Folkeveksten i kommunen er låg trass i store utbyggingar
Får konsekvensar for økonomien.

- Formannskapet har fått orientering om reguleringsplan for Langelandskogen og Frekhaug nord
- Statens Vegvesen var i formannskapet og orienterte om Nordhordlandspakken
Stiller spørsmål om behov for undergang på Holme når det ikkje er slikt behov i krysset på Frekhaug.
- Forslag på kommunevåpen er no sendt til Fellesnemnda som skal vedta dette
- Utviding av parkeringsplass utanfor Eldresenteret og utviding av spisestova på Meland sjukeheim vert teke opp i samband med budsjett for 2019
- I eldrerådet i Alver kommune må det vere 2 frå kvar av kommunane (Meland, Radøy og Lindås) + politiske medlemmer
Viktig med faste møte med ordførar.

ER - 30/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Orienteringane vert tekne til vitande.

31/2018: Aktuelle saker

Rådmannen sitt framlegg:

06.09.2018 ELDRERÅDET

Det vart refererte frå siste møte i Trivselskomiteen.
Trivselskomiteen trekkjer seg ut av avtalen Trivselsbil 31.07.18.
Vidare drift av bilen for 2019 må vurderast av kommunen.

Midlar til trivselstiltak:

Det vart opplyst at gode idear og tiltak for eldre og funksjonshemma kan få støtte av midlar til trivselstiltak.
Spørsmålet om korleis ein skal forvalte midlane etter 2019 må drøftast. Sak om dette kjem seinare.

Må kome tilbake til fellesmøte for dei tre kommunane i Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Frå Eldrerådet deltek Olaug Tveit, Klara Mongstad og Astrid Anne Fjeldstad på seminar om velferdsteknologi på Nordhordland Folkehøgskule i november.

ER - 31/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Orienteringane vert tekne til vitande.

32/2018: Den Internasjonale Eldredagen

Rådmannen sitt framlegg:

14.06.2018 ELDRERÅDET

Nytt planleggingsmøte 3. september kl. 13.00.

ER - 25/2018 VEDTAK:

Markering av Den Internasjonale Eldredagen 2018 vert laurdag 29. september frå kl. 12.30 - 16.00 i rådhuset på Frekhaug.

Planlagt programmet så langt:

Helselaget har kafé i kantina

Trygve Fet heldt foredrag om "Bymann og stril"

Elevar frå kulturskulen underheldt

Ordførar tek del

Pensjonistkoret underheldt

Seniordansarane underheldt

Stand - velferdsteknologi

Stand - Melandstrøya

Stand - lage enkel utanlandsk matrett

06.09.2018 ELDRERÅDET

Sigurd Knudsen refererte få siste møte i komiteen for Den Internasjonale eldredagen:

Programmet vert slik som tidlegare vedteke, og er på det næraste klart med oppsett tid.

ER - 32/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Orienteringa vert teken til vitande.

33/2018: Eldrerådskonferansen i Hordaland 2018

Rådmannen sitt framlegg:

06.09.2018 ELDRERÅDET

ER - 33/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Sigurd Knudsen vil ta del begge dagane.

34/2018: Varsel om utvida/endra plangrense for områderegulering for Dalstø - Mjåtveitstø

Rådmannen sitt framlegg:

06.09.2018 ELDRERÅDET

Plansakkonsulent Ingrid Raniseth orienterte.

ER - 34/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Eldrerådet har ingen merknader til utviding/endring av planen.

35/2018: Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid - Ryland - B11/B15

Rådmannen sitt framlegg:

06.09.2018 ELDRERÅDET

Plansakkonsulent Ingrid Raniseth orienterte.

ER - 35/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Turstiar i området må takast vare på. Viktig med gode gang- og sykkelveggar.

Håpar at arbeidet kjem i gang så snart som mogeleg.
